

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 04.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
038/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.05.2022
025/22	Eldreråd	30.05.2022
022/22	Ungdomsråd	30.05.2022
026/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022

Kulturprosjekt - våren 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av midlar til kulturprosjekt våren 2022 slik det kjem fram av saka.

Eldreråd 30.05.2022:

Handsaming:

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:

Eldrerådet tar kommunedirektøren sitt framlegg til etterretning, men vil samstundes visa til Alver kulturråd sine kommentarar.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 025/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet tar kommunedirektøren sitt framlegg til etterretning, men vil samstundes visa til Alver kulturråd sine kommentarar.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:

Handsaming:

RMNF støttar framlegget frå kommunedirektøren, samrøystes vedteke.

RMNF- 026/22 Vedtak:

RMNF støttar framlegget frå kommunedirektøren.

Ungdomsråd 30.05.2022:

Handsaming:

UR- 022/22 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Marit Gro Berge-SV

Utvalet vil be administrasjonen innarbeide i kulturplanen ei oversikt over kva den budsjetterte reduksjonen av tilskott innan kultur og idrett vil bety for det frivillige arbeidet over tid.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 038/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av midlar til kulturprosjekt våren 2022 slik det kjem fram av saka med tillegg: Utvalet vil be administrasjonen innarbeide i kulturplanen ei oversikt over kva den budsjetterte reduksjonen av tilskott innan kultur og idrett vil bety for det frivillige arbeidet over tid

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Saka gjeld tildeling av midlar til kulturprosjekt med søknadsfrist 24. april. Det er sett av kr 56.500.

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.2021 sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

Tilskot til kulturprosjekt vert delt ut to gongar i året. I retningslina heiter det at ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr. Tilskot er behovsprøvd og kan gjevast direkte tilskot eller som underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant, og kan ikkje gå til arrangement som er budsjettert i underskot. Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr.

Ordninga hadde ordinær søknadsfrist 15.04.22, men vart utsett til 24. april grunna påskeferie.

Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i kommunestyret 16.12.21 sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025. Som følgje av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogeleg blitt skjerma.

Saksopplysningar:

Det er søkt om totalt kr 909.019 til 30 ulike prosjekt. I gjennomsnitt vert det søkt ca kr 30.300 pr prosjekt. Med kr 56.500 til disposisjon, vert prosjekt underlagt ein sær s streng vurdering.

Av 30 søknadar er 13 søknader innstilt til kulturmidlar. 17 søknadar har fått avslag. Kommunedirektøren har prioritert lag som ikkje fekk prosjekttilskot i sak 009/22 – «Kulturprosjekt – 1. tildeling», i møte i OKK 08.02.22. Det gjeld både Musikkens Venner som fekk underskotsgaranti kr 6.000 og AmCar Nordhordland (kr 5.000). Musikkens Venner har bede om å få utløyst underskotsgarantien.

Det er ønskjeleg at så mange lag som mogeleg skal få ta del i midlar til kulturprosjekt.

Alver kulturråd har fått saka om «Kulturprosjekt – våren 2022» til høyring 10. mai. I deira uttale datert 19. mai heiter det;

Alver kulturråd vil minne om at året 2022 er Frivilligheita sitt år i Noreg.

Alver kulturråd har ein samarbeidsavtale med politisk og administrativ leiing i Alver kommune, underskriven 18 aug 2020. I pkt. 2 i denne avtalen er det eit mål at «avtalen skal vere med å sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til kulturfeltet».

Alver Kulturråd meiner den små ramma av midlar for kulturprosjekt vår 2022 er ein tydeleg konsekvens av at kulturbudsjettet vart kutta med 1 mill. kroner i desember 2021. Frivillige lag og organisasjonar brukar mykje tid og krefter på søknadar til ymse kulturformål og med ei så lita ramme av midlar for fordeling meiner Alver kulturråd at kulturadministrasjon og den politiske leiinga bør vurdere om denne tilskotsordninga bør fortsetja i si nåverande form.

Søkjjar	Tiltak og vurdering	Kostnad	Søknadssum	Tilskot	Vurdering
Meland jazzkafe	Meland jazzkafe skal saman med Senter-	65000	25000	4000	Meland jazzkafe har i mange år vore
	kontoret arrangere "Den lille storband				møteplass for jazzmusikk i Alver. Jazz-
	festival". Det blir ein konsert på dagtid og				kafeen gjev tilbod om musiksjanger
	to på kveldstid.				som er lite utbreiddt i kommunen.
Senioruniversitetet	Professor Terje Aarset: "Ivar Aasen som	7000	5000	1500	Arrangementet blir ein del av
	lyrikar og komponist – om samlinga Symra				nynorskdagane. Arrangementet er
	(1863)				med på å auke kunnskap om nynorsk
Alversund mållag	Arrangement i nynorskdagane	50000	20000	0	Søknad er datert 27.04.2022 og levert for seint.
Radøy Brass	Radøy Brass fyller 40 år og har	150000	100000	5000	Grunna avgrensa midlar er det ikkje
	bestilt eit verk av Torstein				mogeleg å prioritere dette tiltak
	Aagaard-Nilsen til markeringa				høgare
Ungdomslaget	Laget bruker mykje lyd/lys til sine	24000	12000	5000	Ulike ungdomstiltak i laget bruker
	aktivitetar. Det er behov for v.g. kurs i lyd/lystekn. for frivillige				lyd/lysanlegg.
Ungdomslaget	Kjøpe bord til ulike arrangement	40000	10000	0	Innafor dagens ramme for tilskot er
Framsteg	på ungdomshuset				det ikkje mogeleg å prioritere prosjektet. Avslag
Amcar	Kjøpe verktøy og delar til 1994 Dodge	10000	3000	0	Laget fekk kr 5.000 i prosjekt-
Nordhordland	Lebaron. Ungdomsprosjekt				støtte i febr 2022 - sak 009/22 Avslag
Ullveka	Utvikle programheftet til å innehalde	70000	10000	0	Utfra gjeldande ramme for tilskot
	oppskrifter, aktuelle ullsaker mm.				er det ikkje mogeleg å prioritere prosjekt. Avslag
	Målet er å kommunisere endå breiare				
Kløyheim	Laget har mange arrangement i løpet	30000	15000	5000	Kløyheim Ungdomslag har over fleire

ungdomslag	av året (ca 210) og har behov for nytt				år jobba planmessig med å opp-
	lydanlegg				gradere anlegget sitt. Ein reknar
					med å vere i mål om nokre få år.
Alversund	Alversund musikklag er 120 år. Diverse	75500	40000	5000	120 års jubileum. Innafor dagens
musikklag	konsertar i bygda samt jubileums-konsert i oktober				ramme er det ikkje mogeleg å støtte prosjektet med eit større beløp
Eikanger kultur	Forprosjekt: Utreie moglege tilbud om gjesteatelier på eigna lokalitetar for kunstnarar. Bjørsvik er ein aktuell stad	90000	70000	0	Dette vil ein sjå på i samband med Alver kommune sin kulturplan
Kløvheim	Pensjonistkino vart etablert i 2022. Tilbodet er meint å vere eit sosialt møtetreff for pensjonistar med eit utvida tilbud kring framsyningane. Det er planlagt 7 framsyningar i 2022.	31760	10760	3000	Eit nytt tiltak som starta våren 2022.
Eikanger kultur	Historisk spel om Herman i Vikje som døde i 1957. Det vert både amatørar og prof. skodespelarar med. Spelet skal spelast på husmannsplassen på Vikje	304000	50000	5000	Prosjektet er utsett til sommaren 2023. Manuset er ferdig og ein del utgifter er allereie påført. Dei treng midlar til å dekke manusforfattar
Laget Vonheim	Skifte kledning samt montere vindsperre og betre isolasjon, Nye takrenner	35000	20000	5000	Nødvendig vedlikehaldsarbeid
Marøy					
Oster Brass	NM vart avlyst i 2021. Oster brass har i staden arrangert 2 konsertar vinter/vår 21/22	15275	9925	0	Grunna avgrensa midlar er ikkje prosjektet prioritert. Avslag
Meland mållag	Arrangera ein familiekonsert med barnesongar basert på arbeidet til Linda Røyseth Sandhåland og Kjersti Wiik (innsamling og formidling)	92000	30000	5000	Familiearrangement. Auke kunnskap om lokale musikktradisjonar
Musikkens venner	Musikkens Venner feirer 40 årsjubileum med konsert i Knarvik kyrkje. Aktørar med lokal forankring deltar. Elevar i kulturskolen har gratis adgang.	10000	10000	0	Innvilga kr 6.000 i prosjekt støtte i februar - sak 009/22 (underskotsgaranti som dei har nytta seg av). Avslag
Musikkens venner	Musikkens Venner feirer 40 årsjubileum med konsert i Knarvik kyrkje.	119000	40000	0	Innvilga kr 6.000 i prosjekt støtte i februar - sak 009/22

	Aktører				
	med lokal forankring deltar. Elevar i				(underskotsgaranti som de har
	kulturskolen har gratis adgang.				nytta seg av) Avslag
Vestnorsk filmsenter, Bergen	Ønsker å arrangere opne, gratis ferie- verkstad for unge mellom 16 og 20 år	150000	110000	0	Innafor dagens ramme fell dette prosjekt utsnfor realistisk
	som er interessert i å lære noko av				beløp.
	kunsten bak spelutvikling og kortfilm- produksjon				
Fløksand grendalag	Fotokonkurranse - MITT FLØKSAND	18000	10000	0	Innvilga kr 5.000 i prosjekt-
	I anledning 20 års jubileum er det planlagt				tilskot i febr - sak 009/22
	fotokonkurranse. Bildene skal visast på				
	galleri Rustica i sept.				
Ullveka	Ullveka vil styrkje nettverksbygging og	54000	54000	5000	Utvikle Ullveka. Pga avgrensa
	festivalkjensle og vil arr. kurs, work-				midlar det ikkje mogeleg å støtte
	shops og foredrag første helga i ullveka. Søkjjar underskotsgaranti				prosjektet med større beløp
Musikkens venner	Laget samarbeider med Grieg-konkurransen	11000	6000	0	Innvilga kr 6.000 i prosjekt
Nordhordland	og får besøk av unge				støtte i februar - sak 009/22
	musikarar av høg kvalitet. Kulturskule-				(underskotsgaranti som de har
	elevar har gratis adgang.				nytta seg av)
Musikkens Venner	Konsert med May Britt Andersen i	10000	10000	0	Innvilga kr 6.000 i prosjekt-
Nordhordland	samband med Knarvikmila				støtte i februar - sak 009/22
	Søkjjar underskotsgaranti				(underskotsgaranti som dei har
					nytta seg av)
Musikkens Venner	Familiekonsert med May Britt Andersen	121650	41650	0	Innvilga kr 6.000 i prosjekt
Nordhordland	i samband med Knarvikmila				støtte i februar - sak 009/22
					(underskotsgaranti som dei har
					nytta seg av)
Knarvik sokn	Kyrkjeklubben skal vere medarrangør	28000	12000	0	Aktørane er frå andre kommunar.
	av familiekonsert med Tveiterås				Pga avgrensa midlar blir derfor ikkje
	ungdomskor, dansegruppa Korpus frå				prosjektet prioritert. Avslag.
	Gjøvik og Rune Larsen				
Utvandringsenteret	Utvandringsfestival 2022	70000	55000	3000	Grunna avgrensa midlar er det ikkje
venner	foredrag, festivalmesse og festkveld				realistisk å støtte prosjektet med
	med utstilling, formidling, aktivitetar				større beløp
	kulturelle innslag mm. I anledning				
	Frivilligåret 2022, skal ein ha fokus				
	på alle frivillige som har jobba på				
	Utvandringsenteret dei siste 25 år.				

Sunniva Herland	"Bøkelyden" er ein konsertserie med	340000	30000	0	Grunna avgrensa midlar får
Monstad	tre konsertar i bøskeskogen på Vollom.				prosjektet avslag
	Sigrid Moldestad skal delta på ein				
	konsert med 5-6 eigne låtar i tillegg til				
	elevar frå kulturskulen				
Skodvin skulemusikk	"Tørre å spele i lag" Eit prosjekt der	74000	30000	5000	Barn og unge er prioritert.
	dei unge aspirantane som berre har				
	vore med eit år, skal tørre å vere med				
	å spele med dei litt eldre ungdommane				
	Leige inn ekstra instruktør				
Hundvingrend	Har eit gammalt skap med leidningar der	45000	40000	0	Grunna avgrensa midlar får
indremisjon	all lyd og lys vert styrt frå. Ønsker å				prosjektet avslag
	investere i miksebord der barn/unge				
	kan få opplæring i bruk av.				
Nordhordland song og musikkverkstad	Søklar om støtte til 2 prosjekt; 1. Sommarkonsert i Lygra kyrkje 19.06.	97184	29684	0	Grunna avgrensa midlar får
	2. Julekonsert i Knarvik kyrkje 18.12. På				prosjektet avslag
	begge arr. er det med prof musikarar og				
	songkrefter. Unge songtalent får delta				
	samt kor				
	SUM TOTALT	2237369	909019	56500	

Vedlegg i saken:

20.05.2022

Alver Kulturråd - uttale kulturmidlar prosjekt 19 mai 2022

1742524

(2) (2)